

Åpning av det 124. ordentlige Storting.

President: G u t t o r m Hansen.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg t i r s d a g den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

H a n s M a j e s t e t K o n g e n s tale til det 124. ordentlige Storting ved dets åpning:

Hr. President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Den internasjonale økonomi er fortsatt preget av stor usikkerhet. Dette fører på ny til økende arbeidsledighet i de vestlige industri-land.

Regjeringen vil delta aktivt i arbeidet for sterkere økonomisk vekst og økt sysselsetting internasjonalt. Samtidig er det fortsatt Regjeringens sentrale mål å trygge sysselsettingen i Norge. Dette vil kreve moderasjon og solidaritet av alle grupper. Det vil være av avgjørende betydning å holde priser og kostnader under kontroll.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk, basert på et gjensidig forpliktende mellomfolkelig samarbeid.

Norge må fortsatt arbeide for å styrke De Forente Nasjoner.

Samarbeidet i NATO er hjørnesteinen i vår sikkerhetspolitikk.

Regjeringen vil virke for økt sikkerhet, avspenning, gjensidig rustningskontroll og nedrustning.

Regjeringen vil styrke det nordiske samarbeidet og bygge ut samarbeidet med landene i Vest-Europa og Nord-Amerika.

Arbeidet med å utvikle forbindelsene med Sovjetunionen og andre østeuropeiske land vil bli ført videre.

Norge vil fortsatt arbeide for internasjonalt vern om menneskerettighetene og aktivt bekjempe rasediskriminering.

Samarbeidet med utviklingslandene vil bli ført videre. Regjeringen vil fortsette arbeidet for en mer rettferdig utvikling i verdensøkonomien.

Arbeidet for etablering av internasjonale samarbeidsordninger for havområdene vil fortsette.

Det vil bli undertegnet en internasjonal avtale om bekjempelse av luftforurensning og

sur nedbør.

Regjeringen vil legge vekt på en ytterligere bedring av vår utenriksøkonomi. Dette krever fortsatt styrking av norsk industri og moderat vekst i det private og det offentlige forbruk.

Arbeidet med å dempe pris- og kostnadsstigningen skal føres videre. Pris- og inntektspolitiske tiltak utformes med dette siktemål. Regjeringen vil i samarbeid med partene i inntektsoppgjørene medvirke til en inntektsutvikling som er i samsvar med landets økonomiske bæreevne. Det skal legges vekt på hensynet til de grupper som står økonomisk sva-kest.

Regjeringen vil legge fram forslag om reformer i personbeskatningen.

Regjeringen arbeider med tiltak for fornyelse og produktivitetsvekst i industrien. Økt innsats i forskning og utvikling står sentralt i dette arbeidet. Det vil bli lagt fram en melding om aktuelle industrispørsmål.

Det vil bli utarbeidet et program for utnyt-telse av mikroelektronikk i næringslivet og i offentlig forvaltning.

Petroleumsvirksomheten vil bli ført videre etter fastlagte planer.

Det vil bli lagt fram en melding om landets energiforsyning og en melding om oljepolitikken i årene framover.

Energi- og industridrøftingene med andre land har som siktemål å finne prosjekter som kan trygge og videreutvikle norsk industri og skape grunnlag for varige arbeidsplasser.

Svikt i ressursene har ført til sterk nedgang i viktige fiskerier, med betydelige vansker for næringsliv og lokalsamfunn langs kysten.

Regjeringen vil i samarbeid med fiskeriene og andre berørte næringer og distrikter finne fram til tiltak som kan dempe de kortsiktige virkningene. Samtidig vil en planlegge og iverksette tiltak som kan trygge næringer og distrikter på lengre sikt. Det er en hovedopp-gave å bygge opp fiskeressursene igjen.

Jord- og skogbrukspolitikken vil bli ført videre etter de retningslinjer som Stortinget har sluttet seg til.

Det vil bli lagt fram en melding om mar-kedsorganisasjon og markedsregulering for jordbruksvarer.

Mulighetene for å styrke egenkapitalen i næringslivet vil bli bedret ved stimulering av aksjemarkedet.

Det vil bli lagt fram forslag om ny handelslov.

Regjeringen vil legge vekt på å sikre norsk skipsfarts stilling på det internasjonale mar-ked.

Arbeidet med vurderings- og kompetanse-spørsmål i skolen vil bli ført videre, bl.a. i en melding om Evalueringsutvalgets innstilling.

Det vil bli fremmet forslag om å gi funksjonshemmede rett til minst tre års videregående opplæring.

I en melding vil Regjeringen legge fram spørsmål som angår forholdet stat – kirke.

Det vil bli lagt fram en melding om etablering av et program 2 i Norsk Rikskringkasting. Videre vil det bli fremmet en melding om høyere teknisk utdanning og en melding om produksjon og distribusjon av film.

Regjeringen vil fortsatt føre en aktiv distriktspolitikk med vekt på regional fordeling av privat og offentlig virksomhet.

Det vil bli lagt fram en melding om regional utvikling og distriktspolitikk.

Tiltak for bedre nærmiljø vil bli satt i verk. Det vil bli lagt fram forslag om ny planleggingslov.

Overvåkingen av forurensingene i våre viktigste vannressurser vil bli styrket. Det vil bli utarbeidet en plan for norsk drikkevannforsyning.

Det vil bli fremmet forslag om lov om Oslo-marka, forslag om endring av skogbruksloven og forslag om lov om viltstellet.

Regjeringen vil fremme forslag om endringer i arbeidsmiljøloven. Det forberedes revisjon av lover som regulerer arbeidsforholdene til grupper som ikke omfattes av arbeidsmiljøloven.

Bedriftsdemokratiet vil bli bygd videre ut. De ansattes innflytelse vil bli styrket både i den private og den offentlige sektor.

Regjeringen vil legge fram forslag om særlige tiltak for pensjonister som har de dårligste levekår. Det vil bli lagt vekt på å bedre forholdene for dem som ønsker å bli boende i sine hjem.

Regjeringen vil foreslå tiltak mot alkoholmisbruk og føre videre aksjonsplanene mot narkotikamisbruk.

For å oppnå en bedre samordning av ressursene vil det bli fremmet forslag om en ny finansieringsordning for helsetjenesten utenfor institusjon og for sosialtjenesten. Forslag om lov om helsetjenesten utenfor institusjon vil bli lagt fram. Opprettelse av distriktslegestilinger vil bli prioritert.

Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om arbeidet med innvandrerspørsmålene.

Regjeringen vil legge fram et omfattende program for boligpolitikken i 1980-årene. Byfornyelse og utbedring av eldre boliger vil bli trappet opp.

Det vil bli arbeidet videre med utvikling av barnehager tilpasset lokale forhold og behov. En melding om oppfølging av barnehageloven av 1975 vil bli lagt fram.

Likestilling mellom kvinner og menn vil bli ført videre.

Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om

informasjon om samfunnsspørsmål og om forbrukerspørsmål.

Tiltak for å forenkle forholdet mellom publikum og forvaltning vil stå sentralt i arbeidet med å effektivisere forvaltningen.

En forenkling av regelverket i pensjons- og trygdesystemet er under forberedelse.

Det vil bli fremmet meldinger om Norsk Samferdselsplan, om postframføring og posttjenesten på landsbygda, og om overføring av tilskuddsansvar for lokale rutesamband fra staten til fylkeskommunene.

Arbeidet med fornyelse av hurtigruta Bergen – Kirkenes fortsetter. Det tas sikte på kontrahering av to nye skip i 1980 og to i 1981.

Regjeringen vil legge fram forslag om ny barnelov. Forslag om ny konkurslov, ny lov om kredittkjøp og lov om fri rettshjelp vil bli lagt fram.

Det vil bli fremmet en melding om den forebyggende sikkerhetstjeneste.

Det vil bli opprettet et Datatilsyn.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 124. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Arne Nilsen:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har arbeidd aktivt gjennom FN, særorganisasjonane i FN og andre internasjonale organ for å føre vidare det mellomfolkelege samarbeidet for å fremje avspenning, fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd. Som medlem av Tryggingrådet for perioden 1979 – 80 kviler det eit særleg ansvar på Noreg. I Tryggingrådet har Noreg i større grad enn før måtta ta stilling til internasjonale problem og konflikhtar, ofte av presserande karakter.

Noreg tek del i FN's mellombels styrke i Libanon (UNIFIL). Styrken har som oppgåve å hjelpe til å atterskape freden og tryggleiken i Libanon, og dermed vere med på å tryggje freden og stabiliteten i Midt-Austen.

I FN og andre internasjonale fora har Noreg stødd dei folka som enno må kjempe for menneskeverd og sjølvstyre.

Regjeringa har ønskt velkommen den siste utviklinga i Rhodesia-konflikten. Målet må vere fleirtalsstyre for folket i Zimbabwe, tufta på frie og rettferdige val der alle politiske grupperingar får like vilkår. Regjeringa seier seg lei for at det ikkje har lykkast å setje i verk FN's plan om frie val i Namibia.

Noreg gjev humanitær hjelp til dei under-

trykte folka i det sørlege Afrika. Hjelpa blir kanalisert gjennom dei afrikanske frigjeringsrørslene og gjennom nasjonale og internasjonale hjelpeorganisasjonar.

Noreg har arbeidd aktivt for å fremje respekt for menneskerettane i alle delar av verda. Særleg har ein konsentrert seg om arbeidet med å styrkje det internasjonale apparatet for gjennomføring av allment aksepterte menneskerettar. Vidare har Noreg vore aktivt engasjert i arbeidet med å fremje interessene og rettane til urfolka.

Noreg har, som tidlegare, gjeve omfattande hjelp til flykningar i mange land. Særleg har ein konsentrert seg om flyktningkatastrofen i Søraust-Asia. Regjeringa har vedteke at Noreg skal ta imot 3 000 flykningar frå Indo-Kina. I dette talet er det rekna med dei båt-flyktingane som alt er komne til landet, og dei som ein reknar med vil bli tekne opp av norske handelsskip.

I FN, NATO og andre internasjonale fora har Noreg teke aktivt del i arbeidet for rustningskontroll og nedrustning. Målet må vere å oppnå større tryggleik på eit lågare rustningsnivå gjennom gjensidig nedrustning.

Noreg har fullt ut slutta seg til sluttdokumentet frå FN's 10. ekstraordinære generalforsamling om nedrustning. Her blir det lagt vekt på å stanse vidare spreiding av kjernefysiske våpen, hindre utvikling av nye våpentypar og å forby våpen som valdar unødige lidningar eller råkar vilkårleg. Noreg har arbeidd aktivt for at tilrådingane blir følgde, og har særleg engasjert seg i arbeidet med å greie ut forholdet mellom nedrustning og overføring av ressurser til utviklingslanda.

Regjeringa ser det som viktig at ein oppnår snarlege resultat i forhandlingane i Wien om gjensidige reduksjonar av militære styrkar i Sentral-Europa. Under drøftingane prøver ein frå norsk side å sikre seg at det blir teke nødvendige omsyn til dei interessene flankelanda har.

Noreg har lagt stor vekt på forhandlingane mellom Sambandsstatane og Sovjetunionen om nye avgrensingar av dei strategiske våpen-systema (SALT). Desse forhandlingane utgjer ein sentral del i den generelle avspenningsprosessen. Regjeringa har sagt seg tilfreds med at det har lykkast Sambandsstatane og Sovjetunionen å bli samde om ei SALT II-avtale. Denne avtale dreg også opp retningslinjer og mål for vidare SALT-forhandlingar.

Regjeringa har halde fram med arbeidet for å styrkje kontakten og samarbeidet mellom Noreg og Sovjetunionen og har utvikla vidare dei tosidige sambanda med landa i Aust-Europa.

For å halde ved lag framdrifta i avspenningsprosessen har Noreg målmedvete arbeidd for at sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa skal bli sett i verk på ein balansert måte av alle deltakarstatane. Regjeringa har teke aktivt del i førebuingane til det neste oppfølgingsmøtet i Madrid. I oppfølgingsarbeidet har regjeringa lagt særleg vekt på respekt for menneskerettane, lette når det gjeld menneskelege kontaktar over landegrensene, tillitsskapande tiltak på det militære området og miljøvern.

Noregs tryggingspolitikk byggjer framleis på dei gjensidige pliktene og det nære politiske og militære samarbeidet i NATO.

På det militære området har Noreg framleis teke aktivt del i planlegginga med tanke på å utnytte forsvarsressursane betre gjennom produksjonssamarbeid, standardisering og operativt samarbeid når det gjeld utstyr.

Noreg har arbeidd for ei vidare utbygging av samarbeidet mellom landa i Vest-Europa, for å styrkje Europarådets rolle i dette samarbeidet og for å fremje samkvemet mellom EFTA og EF.

Noreg overtok 10. mai 1979 formannsstillinga i ministerkomiteen i Europarådet for eit halvt år. I denne samanheng har regjeringa arbeidd for auka innsats av Europarådet til gagn for medlemsland med store sosiale og økonomiske vanskar. Regjeringa har bode seg til å stå som vert for ein trepartskonferanse om økonomisk politikk og sysselsetjing i regi av Europarådet.

I svaret sitt på eit utspel frå EF med sikte på å utvide samarbeidet med EFTA-landa, har Noreg uttrykt ønske om å prioritere områda økonomisk politikk, industripolitikk, olje- og energispørsmål, teknologi, transport og miljøvern.

Regjeringa har avslutta forhandlingane med Spania innan ramma av EFTA om ei interimsavtale for handelen.

Brevvekslinga mellom Noreg og Kommisjonen for Det europeiske fellesskapet for å stabilisere marknadstilhøva for visse jern- og stålprodukt vart lengd for 1979. Regjeringa har innleidd forhandlingar med Kommisjonen om tilpassingar i frihandelsavtalen som følgje av gresk medlemskap i EF frå 1981.

Oljesituasjonen har gjort det endå meir nødvendig med eit internasjonalt samarbeid på energiområdet. Noreg tek aktivt del i eit slikt samarbeid med særleg vekt på tiltak for å redusere oljeforbruket og på energiøkonomisering. Regjeringa har slutta seg til vedtaket i Det internasjonale energibyrået (IEA) om energisparing, og det blir no gjennomført ein kampanje i Noreg for å få folk til å bruke

mindre energi. Regjeringa vil halde fram med å arbeide for å styrkje norsk næringsliv gjennom industri- og energisamarbeid med andre land. Drøftingar om eit slikt samarbeid er tidlegare ført med Sverige, Danmark, Finland og Forbundsrepublikken Tyskland, Frankrike og Nederland har synt interesse for samarbeid, og det er i gang sonderingar.

Regjeringa har lagt særleg vekt på å understreke og underbygge det nære sambandet Noreg har med vestlege land, m.a. gjennom statsminister- og statsrådsjestingar.

Det nære samarbeidet mellom dei nordiske landa er vorte ført vidare. Spørsmålet om å styrkje samordninga av den økonomiske politikken, spørsmålet om utvida forskingssamarbeid og om ein felles radio- og fjernsynssatellitt (NORSAT) har for tida ein sentral plass i arbeidet innan Nordisk Råd og Nordisk Ministerråd.

Noreg har ført vidare arbeidet med å styrkje dei politiske kontaktane med land i Afrika, Asia, Latin-Amerika og i Stillehavet. Samarbeidet med utviklingslanda når det gjeld utviklingshjelp og andre økonomiske samband, er vorte ført vidare i samsvar med dei prinsipp og retningsliner som Stortinget har slutta seg til.

Dei offentlege overføringane frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid var i 1979 på i alt 1 860,7 mill. kroner, som svarte til 0,9 prosent av bruttonasjonalproduktet. Dette var ein auke frå 1977 på 291,1 mill. kr., eller 18,5 prosent. Noreg er eit av dei få landa som oppfyller FN's målsetjing om offentlege overføringar på 0,7 prosent av bruttonasjonalproduktet til utviklingsland. Av den norske hjelpa til utviklingsland i 1978 gjekk 54,3 prosent til tosidige og 45,7 prosent til fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1977 var 56 mot 44 prosent. Av den tosidige hjelpa vart 8,6 prosent administrert av internasjonale organisasjonar mot 11 prosent i 1977.

Det er inngått ei rekkje omfattande avtaler om norsk økonomisk og fagleg hjelp til ulike utviklingsprosjekt i hovudsamarbeidslanda. Det gjeld mellom anna distriktsutbygging i Sri Lanka, helse- og familieplanlegging i Bangladesh og India, vegbygging i Kenya og Botswana og vassforsyning på landsbygda i Tanzania.

Størstedelen av hjelpa til hovudsamarbeidslanda i Asia blir gjeven som finansiell stønad til utviklingsprogram i landa og varestønad eller importstønad.

Hjelpa til Vietnam blir gjennomført i samsvar med inngåtte avtaler. Stønad er konsentrert om fiskerisektoren og om eit opplæringsprogram for vietnamesisk personell i oljesektoren og om å skipe eit rehabiliteringssenter for krigsskade personar i Vietnam.

Hjelpesamarbeidet med Portugal er vorte ført vidare. I tillegg til tiltak innan fiske, skogbruk, jordbruk, husbygging og undervisning gjev Noreg stønad til å byggje ut og modernisere helsesektoren med i alt 100 mill. kr.

Det økonomiske samarbeidet med Jamaica blir utvida. Hjelpa femner om stønad på sjøtransportsektoren, særleg skipsfartsstudiar og opplæring av personell, dessutan stønad til seismiske undersøkingar og til leiaropplæring og utvikling av bedriftsdemokrati. Noreg har bode seg til å finansiere forstudiar innanfor aluminiumssektoren. Det blir arbeidd med konkrete planar på kommersielt grunnlag innanfor skipsfart og aluminiumsindustri.

Samarbeidet med Tyrkia er ført vidare. Det er skipa eit konsulentfond på 2 mill. kr som skal finansiere forstudiar som skal fremje økonomisk samarbeid mellom norske og tyrkiske verksemdar. Det er komme i stand ei avtale om 30 mill. kr. i gåvestønad til Tyrkia, med tanke på å fremje industrielt samarbeid mellom dei to landa. Under OECD-landa sin støtteaksjon for Tyrkia har Noreg ytt til saman 55 mill. kr. som er vortne utbetalte.

Noreg har halde fram med å stø dei internasjonale hjelpeorganisasjonane monaleg. I 1978, som tidlegare år, var FN's utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) dei viktigaste mottakarane av norsk fleirsidig utviklingshjelp. Desse organisasjonene tok i 1978 imot over ein tredel av den fleirsidige stønaden. Noreg har halde fram med drøftingane av IDAs sjetta kapitaltilskottsrunde for åra 1980–1982. Noreg har også teke del i drøftingane om ein generell kapitalauke i Verdsbanken (IBRD). Styret i verdsbanken har samrøystes vedteke ei dobling av innskottskapitalen, og dette resultatet er lagt fram for medlemslanda til avrøysting. Noreg har gjort sitt til å auke kapitalen i Det internasjonale finansieringsinstitutt (IFC), Det asiatiske utviklingsfondet (AsDF) og Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF).

Andre viktige mottakarar av norsk fleirsidig utviklingshjelp var Matvareprogrammet (WFP), FN's barnefond (UNICEF), Folkefondet (UNFPA) og Den internasjonale samanslutninga for familieplanlegging (IPPF).

Noreg har teke del i ei rekkje internasjonale drøftingar om utviklingspolitiske spørsmål, såleis på møte i Det økonomiske og sosiale rådet (ECOSOC), i styret for FN's utviklingsprogram (UNDP), i Verdskonferansen for jordbruksreformer for utvikling av landsbygda (WCARRD) og FN's konferanse om vitskap og teknologi for utvikling (UNCSTD).

Noreg har stødd det internasjonale arbeidet for ei ny økonomisk verdsordning og har i 1979 formannskapet i FN's nord-sør-komité. Ein har på norsk side teke aktivt del i forhandlingane

som skal førebu ein ny internasjonal utviklingsstrategi for 1980-åra, FN's 3. utviklingsstiar. Regjeringa har også arbeidd for å få til endringar i det internasjonale økonomiske samkvem som i større grad tek omsyn til situasjonen i utviklingslanda og at dei rike og fattige landa blir meir og meir avhengige av kvarandre.

Noreg tok aktivt del i forhandlingane under FN's femte konferanse for handel og utvikling (UNCTAD V).

Noreg har vore med i forhandlingane om eit integrert råvareprogram og eit felles fond for finansiering av internasjonale støytputelager av råvarer. Noreg har slutta seg til Den femte internasjonale tinnavtala.

GATT-tingingane om nedbygging av toll og andre handelshindringar er avslutta.

Regjeringa har satsa sterkt på arbeidet for å auke norsk eksport. Særleg har ein gått inn for å få sett i verk dei tiltaka som det vart gjort framlegg om i St.prp. nr. 87 (1978–79) om «Langsiktige tiltak for å fremme norsk eksport». Røynslene med Eksportsekretariatet som vart skipa i Handelsdepartementet i 1978, har vore gode.

I OECD har Noreg arbeidd aktivt for å føre vidare det samordna handlingsprogrammet som medlemslanda vart samde om i fjor, og som tek sikte på å stimulere den samla etterspurnaden og gjennom det auke den økonomiske veksten og redusere arbeidsløysa i OECD-området, samstundes som ein held nede inflasjonen.

Styresmaktene for norsk skipsfart har teke aktivt del i internasjonale skipsfartspolitiske drøftingar i organ som OECD og UNCTAD. Målet med desse drøftingane frå norsk side er å unngå proteksjonistiske tiltak i internasjonal skipsfart.

Noreg var aktivt med i arbeidet på den 8. sesjonen av FN's havrettskonferanse. Konferansen hadde til oppgåve å nå fram til ein ny konvensjon om folkeretten for havet. I arbeidet inngår m.a. spørsmål om storleiken på sjøterritoriet, eksklusiv økonomisk sone, yttergrensa for kontinentalsokkelen, avgrensinga av sokkelen og den økonomiske sona mellom nabostatar og skipinga av ein internasjonal organisasjon til å styre med mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare skal traktaten innehalde reglar for løysing av tvistar som måtte komme opp i samband med bruken av traktaten. Dei vanskelegaste spørsmåla som enno ikkje er løyste, heng saman med regelverket for utnyttinga av mineralrikdommane på dei store havdjupa.

Avtala mellom Noreg og Sovjetunionen om ei mellombels praktisk ordning for fisket i eit tilstøtande område i Barentshavet vart underskriven 11. januar 1978 med verknad til 1. juli 1978. Seinare er avtala vorten lengd to gonger

og gjeld førebels fram til 1. juli 1980.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å styrkje internasjonale miljøverntiltak. Særleg er det lagt vekt på arbeidet for å redusere utslepp som fører til atmosfærisk spreing av luftureiningar. Noreg har hjelpt til med å forme ut ein ECE-konvensjon om grenseoverskridande luftureiningar som vil bli underskriven i november i år. Noreg prioriterer elles kampen mot havureiningar, arbeidet for å løyse problem som knyter seg til produksjon og bruk av energi og tiltak mot spreing av giftstoff.

Noreg har vidare teke aktivt del i utarbeidinga av ein Europa-konvensjon om vern av ville planter og dyr og deira leveområde. Konvensjonen vart underskriven av Noreg i september i år.

Det er framleis registrert auke i pågangen frå utlandet etter informasjon om norske tilhøve. Mellom anna har større aviser og kvalitetsprogram i radio og fjernsyn i andre land synt større interesse for norsk utanrikspolitikk og økonomi ved å sende fleire medarbeidarar enn før på reportasjar i Noreg. Verksemda til pressebyrået Norinform, som gjev ei kontinuerleg dekning av utviklinga i Noreg på framande språk, har synt seg å vere verdfull. Samordninga av ressursane gjennom Rådet for Noregs-informasjon i utlandet er komme i faste former og gjev gode resultat. I det tosidige og fleirsidige kultursamarbeidet kan ein også notere seg ei variert og levande interesse for norske tilhøve innan samfunnsliv, vitenskap og kunst. Det har vore stor interesse for utstillingar av bildande kunst som er arrangert i andre land av norske museum. Ein har fått eit nytt prov på den allmenne informasjonsverdi slike utstillingar har.

Noreg har skrive under eit nytt kulturprogram med Folkerepublikken Kina, som vil føre til at kulturutvekslinga blir monaleg utvida.

Meldinga om utgreiinga frå Forsvarskommissjonen og hovedretningslinene for verksemda i Forsvaret i tida 1979–83 vart lagd fram for Stortinget våren 1979.

Etter ei endring av den militære straffelova er dødsstraffa no heilt oppheva i Noreg, også for handlingar som er utførte i krig og krigslignande situasjonar.

Det er vedteke ei lov om at ungdom skal bli myndige når dei fyller 18 år, mot tidlegare 20.

Det er også vedteke ei lov om endringar i namnelova. Endringane vil føre til større likestilling mellom kjønna når det gjeld namn og ei enklare behandling av namnesaker.

Ein har halde fram med å styrkje politiet med meir mannskap og betre utstyr. Særleg har ein lagt vekt på kampen mot narkotika, mellom anna ved at det er skipa ein eigen narkotikaseksjon ved Oslo politikammer. Den skal mel-

lom anna ha til oppgåve å samordne narkotikaetterforskinga i landet.

Folkemengda var 4 078 000 pr. 1. oktober 1979, det vil seie vel 0,3 prosent større enn på same tid i fjor.

I perioden januar – august 1979 har arbeidsmarknaden totalt sett vore klart slappare enn vanleg dei føregåande åra. Arbeidsløysa var i månadene mai, juni, juli og august den høgaste som er registrert for desse månadene etter andre verdskrigen. Dei siste månadene har det likevel vore ein tendens til ei gunstigare utvikling, særleg når det gjeld talet på arbeidslause og omfanget av førehandsmelde driftsinnskrenkingar. I tremånadersperioden juni – august auka talet på ledige med 1 000, mot ein auke på 6 100 i same perioden i fjor og ein auke på 2 900 for juni – august i gjennomsnitt for åra 1974 – 78. Talet på ledige plassar har ikkje synt ei like gunstig utvikling. Den registrerte arbeidsløysa ved arbeidskontora ved utgangen av august utgjorde 1,3 prosent av arbeidsstyrken. Etter dei kvartalsvise arbeidskraftundersøkingane til Statistisk sentralbyrå, som høver best ved internasjonale samanlikningar, var det 2,1 prosent arbeidslause i andre kvartal (mai).

I perioden januar – august var det gjennomsnittleg registrert 25 400 personar som heilt arbeidslause, eller 7 400 (41 prosent) fleire enn i same perioden i 1978. Av desse var gjennomsnittleg 3 100 permitterte. Dette er om lag 1 200 fleire enn eitt år tidlegare. Likevel peikar tendensen i dei sesongjusterte tala for ledige personar og for ledige plassar mot ei betring.

Ved arbeidskontora vart det i januar – juli registrert i alt 137 000 ledige plassar (talet på ledige plassar 1. januar pluss tilgang i perioden), mot 146 700 og 164 900 i same perioden i 1978 og 1977. Talet på ledige plassar ved utgangen av månaden var i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 18 prosent lågare enn i same perioden i 1978. Ved utgangen av august var det registrert 15 700 fleire arbeidslause enn ledige plassar, mot 13 400 i august 1978.

Det totale omfanget av førehandsmelde driftsinnskrenkingar har i perioden januar – august i år vore markert lågare (35 prosent) enn i same perioden i fjor. Det er omfanget av permisjonar som viser klar nedgang; både talet på oppsagde personar og på personar som er utsette for innskrenka arbeidstid, er om lag det same som for eitt år sidan.

I perioden januar – august i år vart det gjeve førehandsmelding frå 330 verksemder om oppseiingar, permisjonar og innskrenking av arbeidstida, som i alt galdt 13 500 personar. Meldingane fordelte seg slik: Oppseiingar 3 800 personar, permisjonar 7 800 og innskrenka arbeidstid 1 900. Tala for same perioden i fjor var

335 verksemder og 20 800 personar, fordelt med 4 000 på oppseiingar, 14 900 på permisjonar og 1 900 på innskrenka arbeidstid.

Talet på personar som var permitterte, og personar med redusert arbeidstid ved utgangen av kvar månad var høgare enn året før i vintermånadene januar og februar, men har sidan lege under tala frå i fjor. I gjennomsnitt for januar – august var 8 900 personar permitterte eller hadde redusert arbeidstid mot 9 200 i same perioden i fjor.

Arbeidskraftundersøkingane til Statistisk sentralbyrå tyder på at veksten i den totale sysselsetjinga har stogga opp. Den kvartalsvise sysselsetjingsstatistikken for bergverk, industri og byggje- og anleggsverksemd syner at nedgangen i industrisysselsetjinga held fram også i 1979. Frå 1. kvartal 1978 til 1. kvartal 1979 gjekk sysselsetjinga i industrien ned med 9 800 personar, eller om lag 3 prosent. For byggje- og anleggsverksemd tyder tala på at veksten i sysselsetjinga har stogga. Talet på sysselsette i bergverksdrift (medrekna utvinning av råolje og naturgass) syner derimot oppgang.

Dei spesielle økonomiske støttetiltaka med sikte på å unngå permitteringar og oppseiingar i industrien er anten avvikla eller reduserte. Ein har i staden lagt vekt på individretta tiltak som er tilpassa dei meir langsiktige strukturendringane som no blir gjennomførte i næringslivet. Det er sett i verk ein omfattande plan for å hindre arbeidsløysa i 1979.

I 1979 deltok gjennomsnittleg 16 300 personar i 1. kvartal og 13 400 personar i 2. kvartal i arbeidsmarknadstiltak mot 13 400 og 10 500 eitt år tidlegare.

Innvandringsstoppen har vore halden ved lag. Den etter måten store innvandringa av ektefellar og barn til tidlegare innvandrarak har halde fram i 1979.

Pr. 1. april 1979 var 78 200 utanlandske statsborgarar busette i Noreg. Det er 2 700 fleire enn eitt år tidlegare.

Avtala om bedriftsdemokrati i utanriks sjøfartsnæring vart underskriven 1. april 1979. Etter avtala skal det innan 1. januar 1980 vere etablert eit reiarlagsstyre med representantar frå dei tilsette i alle reiarlag over ein viss storleik.

Ein reknar med at samla produksjon av varer og tenester vil auke noko mindre i år enn i 1978, då produksjonen steig med 3,5 prosent.

Omrekna til tonn olje var produksjon av olje og gass på kontinentalsokkelen i 1978 30,6 Mtoe. Dette er mest ei dobling frå 1977. I perioden 1. januar til 1. august 1979 var petroleumproduksjonen 21,1 Mtoe. Det er ein auke på 22 prosent samanlikna med same tidsrom i fjor.

Førebels oppgaver over varebyttet med

utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei sju første månadene av 1979 var 35,3 milliardar kroner, eller om lag 2,3 milliardar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 34,0 milliardar kroner, eller om lag 2,7 milliardar større enn i januar – juli 1978. Av utførsla i dei første sju månadene i år utgjorde råolje og gass 6,2 milliardar kroner og 3,9 milliardar kroner, mot 5,1 og 2,3 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Utanom skip minka innførsla med 3,6 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet auka med 1,1 prosent frå januar – juni i fjor til same tidsrommet i år. Utanom skip, oljeplattformer, råolje og gass gjekk utførslevolumet opp med 12,7 prosent. Prisane på dei innførte varene (utanom skip) steig i same perioden med 5,5 prosent. For utførte varer (utanom skip) gjekk prisane opp med 4,7 prosent.

Det var i første halvår 1979 eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 3 350 mill. kroner, mot 7 030 mill. kroner i første halvår 1978. Nedgangen i driftsunderskottet hang saman med ein auke i utførsla av tradisjonelle varer (varer utanom råolje, gass, skip og oljeplattformer) på nær 4 000 mill. kroner, ein nedgang i innførsla av skip og oljeplattformer m.m. på om lag 1 800 mill. kroner og ein auke i utførsla av råolje og naturgass på 2 200 mill. kroner. Innførsla av tradisjonelle varer auka med om lag 2 100 mill. kroner, og utførsla av skip og oljeplattformer m.m. gjekk ned med 4 300 mill. kroner. For renter og stønader var det eit underskott på 5 115 mill. kroner i første halvår 1979, mot 4 205 mill. kroner i første halvår 1978. Underskottet på driftsrekneskapen i første halvår 1979 og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 2 676 mill. kroner vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 5 825 mill. kroner og ei tildeling av særskilde trekk i IMF på 201 mill. kroner.

For jordbruket var vekstvilkåra sommaren 1979 stort sett gode. Det blir jamt over gode avlingar over heile landet med unntak av Sør-Vestlandet, der avlinga særleg av gras og frukt vart redusert. Alt i alt reknar ein med avlingar noko over eit normalår. I hagebruket reknar ein med avlingar under det normale. For husdyrprodukta reknar ein med eit par prosent større mjølkeproduksjon enn i 1978 og ein liten auke i slaktetilgangen i høve til 1978.

I skogbruket vart det avverka 7,2 mill. m³ tømmer og ved til sal i driftsåret 1977 – 78. I tillegg vart det avverka 0,7 mill. m³ til bruk på gardane. Førebels tal syner at avverkinga var noko høgare i 1978 – 79 enn året før.

Utbyttet av fisket var i 1. halvår om lag 1,2 mill. tonn, mot om lag 1,4 mill. tonn i same perioden i 1978. Førstehandsverdien i 1. halvår

var om lag 1 460 mill. kroner, som er om lag 75 mill. kroner mindre enn i same tidsrommet i fjor. Nedgangen i fangstmengda kom først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit mindre utbytte enn i same perioden 1978. Såleis var loddeutbyttet i 1. halvår 0,2 mill. tonn mindre enn i same tidsrommet i fjor. Torskefisket gav om lag 45 000 tonn mindre utbytte i 1. halvår enn i same perioden 1978. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 2 031 mill. kroner i 1. halvår 1978 til 2 339 mill. kroner i 1. halvår 1979.

I berverksdrift, industri og kraftforsyning viste produksjonen (medrekna oljeutvinning) i dei sju første månadene ein auke på 7 prosent i høve til same perioden i 1978. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 20 prosent (medrekna oljeutvinning), for industri 2 prosent og forkraftforsyning ein auke på 8 prosent.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1978 var det ein produksjonsauke i dei utekonurrerande næringane på 19 prosent, medan produksjonen i dei heimekonurrerande næringane gjekk ned med 2 prosent. Produksjonen i dei skjerma næringane var uendra.

Frå utgangen av juni 1978 til utgangen av juni 1979 gjekk lagra av eigne produkt i industrien ned med 20 prosent og lagra av eksportvarer ned med 37 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1978 var 81,1 milliarder kWh. I dei sju første månadene av 1979 var produksjonen om lag 50,1 milliardar kWh, mot 46,2 milliardar kWh i same tidsrommet i fjor, ein auke på 8,5 prosent. Det innlandske salet av petroleumsprodukt i same perioden gjekk opp med 6,9 prosent. Magasinfyllinga var 1. september i år 90 prosent. På same tid i fjor var magasinfyllinga 80 prosent.

Byggjeverksemda har vore noko mindre i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli – august var areal i arbeid 4,1 prosent mindre enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar – juli, var 0,5 prosent mindre, og areal som vart teke i bruk, var 10,4 prosent mindre enn i same perioden 1978.

I dei sju første månadene av 1979 vart det sett i arbeid 20 823 og fullført 19 714 bustader. Pr. 31. juli var det 35 220 bustader i arbeid. Samanlikna med 1978 er dette ein auke på 4,9 prosent for bustader som vart sette i arbeid, og 2,7 prosent for bustader i arbeid, medan talet på fullførte bustader gjekk ned med 8,8 prosent.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein nedgang på 9,6 prosent for igangsett areal, 15,4 prosent for fullført areal og 11,6 prosent for areal i arbeid.

Handelsflåten minka med 1 499 000

bruttotonn i 1. halvår og var på 21,6 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Det vart selt skip til utlandet på i alt 2 053 000 bruttotonn. Tanktonnasjen minka i 1. halvår med 980 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 1,1 mill. bruttotonn. Dette var ein nedgang på 0,6 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,4 mill. bruttotonn, om lag det same som på same tid i fjor.

Etter fleire år med særns låge fraktratar var det ei betring i fraktratane hausten 1978. Betinginga heldt fram i 1979, og for dei fleste typar av skip er ratane no gode. Men for dei største tankskipa har ratane stort sett lege lågt også i 1979. Ved utgangen av juli låg 16 skip på til saman 1,4 mill. bruttotonn i opplag. Dette er 6,5 prosent av handelsflåten, mot eit opplag på 26,0 prosent ved utgangen av juli i fjor.

Lengda av det offentlege vegnettet var pr. 1. januar på 79 800 km. Det er 900 km meir enn året før. Vel 42 000 km offentleg veg har no fast dekke, medrekna oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 99 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på 8 tonn. På 8 prosent av riksvegnettet er det tillate med 10 tonns akseltrykk.

Av større bruanelegg som er fullførte og opna for trafikk siste året, kan ein nemne Sanne-sundbrua i Østfold, Ulefossbrua i Telemark, Straumsundbrua i Rogaland, Solemsundbrua i Møre og Romsdal og Namsenbrua i Nord-Trøndelag.

I 1978 hadde vi ein markert nedgang av nyregistrerte kjøretøy. I forhold til 1977 var nedgangen på heile 46 prosent for personbilar. Trass i dette auka personbilmilparken med om lag 40 000 einingar eller med 3,6 prosent i forhold til 1977. Den samla kjøretøyparken var ved årsskiftet komme opp i om lag 1 800 000 einingar.

Auken i vegtrafikken har synt mindre stigning dei siste åra. Medan auken i femårsperioden 1970–75 låg på 6,4 prosent i gjennomsnitt pr. år, reknar ein med at auken i 1978 vil bli 2,4 prosent.

I alt 429 personar vart drepne i vegtrafikken i 1978. Dette talet er lågare enn det tilsvarande talet for 1977.

Den samla rutelengda i ferjesambanda pr. 31. desember 1978 var på om lag 2 500 km fordelt på 174 samband. Dei vart trafikkerte av 265 ferjer med til saman 7 248 personbilplassar. Kapasiteten auka med 514 personbilplassar frå 1977. Det vart frakta om lag 5 prosent fleire bilar og om lag 2 prosent fleire personar i 1978 enn året før.

For sjøtransporten har ein ikkje ajourførte transportoppgåver for 1978. Tala for femårsperioden 1973–77 viser ein ørliten auke i passasjertrafikken målt i passasjertal. Godstransporten gjekk ned i same perioden med 18 prosent.

Sjøtransporten er den viktigaste transportmåten for frakting av gods over lange avstandar. Etter dei utrekningane som er gjorde, var transportarbeidet i 1977 11,2 milliardar tonn-km, eller 61 prosent av det totale innanlandske transportarbeidet. Vel 90 prosent av transportarbeidet er leige- og eigentransport, det vil seie transport med ikkje rutegående skip.

Persontransporten på jernbanen kom i 1978 opp i 2 058 mill. personkilometer, ein auke på 2,7 prosent frå 1977. Den innanlandske trafikken auka med 2,8 prosent og samtrafikken med utlandet med 0,4 prosent.

Godstransporten på jernbanen, utanom malm på Ofotbanen, gjekk i 1978 ned med 2,7 prosent til 1968 mill. tonnkilometer. Transporten på innanlandske vognlaster gjekk tilbake med 3,3 prosent til 1462 mill. tonnkilometer. Utviklinga betra seg etter måten utover året på grunn av ein gunstigare tendens i varegruppene kis og malm, mineral, sement, rundlast og treflis. Samlastgods synte derimot ei monaleg dårlegare utvikling utover året. Det heng særleg saman med nedgangen i det private forbruket.

Malmtransportane på Ofotbanen kom i 1978 opp i 17 mill. tonn, ein auke på heile 25 prosent frå 1977, då ein hadde det lågaste transportkvantumet på 15 år.

Kapasiteten på dei innanlandske flyrutene, uttrykt i tilbodne setekilometer, auka med 9,3 prosent i 1978. Målt i passasjerkilometer, gjekk trafikken opp med 8,2 prosent.

Pr. 31. desember 1978 var det installert om lag 1 638 000 telefonapparater. Det er ein auke på 83 000 apparater i 1978. Telefontettleiken var dermed ved utgangen av 1978 40,3 telefonapparater pr. 100 innbyggjarar. Tilsvarande tal for året før var 38,4. 93,2 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefonsentralar.

I 1978 er den totale postmengda som Postverket tok seg av, rekna til 1 254 milliardar sendingar. Det er ein auke på 5,2 prosent frå året før. Ved utgangen av 1978 var det i drift litt mindre enn 3 000 faste poststader og 9 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader har gått ned med 36 i 1978. Ved utgangen av året 1978 var det dessutan i drift 10 landpoststasjonar og 25 postfilialar. Ved å utvide landpostrutenettet har ein gjeve posttjeneste til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene. Den totale veglengda som vart tilbaketilgjedd i landpostrutene, steig frå

31,1 mill. kilometer i 1977 til 31,6 mill. kilometer i 1978.

» Vedtaka om pris- og inntektsstopp frå hausten 1978 vil stå ved lag ut 1979. Tiltaka har som tenkt ført til ein monaleg reduksjon i pris- og kostnadsauken, og dermed betra konkurranseevna vår overfor utlandet. Det har vore ført ein omfattande kontroll med at vedtaka blir etterlevde.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 5,1 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 2,9 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 7,7 prosent høgare enn i tilsvarende periode året før og produsentprisindeksen 6,3 prosent høgare.

Dei private inntektene har auka mindre frå 1978 til 1979 enn frå 1977 til 1978. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Det private forbruket endra seg lite frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år. For 1979 under eitt reknar ein med at det private forbruket vil bli litt høgare enn året før. Detaljomsetnaden har auka med berre 2,9 prosent i første halvår 1979 i høve til første halvår 1978. Omsetnaden av personbilar, klede og tekstilvarer og nærings- og nyttingsmiddel har synt etter måten liten stigning, medan salet av møblar og innbu har gått ned.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal gå ned med om lag 8 prosent frå 1978 til 1979. Held ein investeringane i sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, reknar ein med ein nedgang på om lag 3,5 prosent. Frå 1977 til 1978 gjekk bruttoinvesteringane i alt ned med 13,8 prosent, medan investeringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. endra seg lite.

Ved vedtak i Stortinget av 5. desember 1978 vart det gjeve fullmakt for Handelsdepartementet til å ta opp nye statslån i utlandet i 1979 som svarer til 6 000 mill. kroner, og fullmakt til å garantere for nye lån som blir tekne opp i utlandet i Den norske stats oljeselskap A/S i 1979, for ein sum som svarer til 2 890 mill. kroner. Pr. 31. august 1979 var lånefullmakta utnytta med 4 904 mill. kroner og garantifullmakta med 2 311 mill. kroner.

Den samla utanlandske statsgjelda pr. 31. august 1979 svarte til om lag 30 540 mill. kroner målt etter valutakursane pr. same dag.

Statens samla garantiansvar for lån som er opptekne i utlandet av dei statsgaranterte bankane, Den norske stats oljeselskap A/S, Garanti-Instituttet for skip og borefartøy A/S og andre norske låntakarar, svarte pr. 31. juli 1979 til om lag 21 000 mill. kroner.

Finanspolitikken var merkt av at

finansieringsbehovet for staten og folketrygda auka frå 6,6 milliardar kroner for første halvår 1978 til 9,1 milliardar kroner for første halvår 1979.

» Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med 12 prosent frå første halvår 1978 til første halvår 1979, medan overføringane auka med 13 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånetransaksjonar var 39,4 milliardar kroner i første halvår 1979. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 16,6 milliardar kroner. Folketrygdfondet var ved utgangen av første halvår på 16,7 milliardar kroner.

I kredittpolitikken har ein i 1979 vidareført avtala med forretnings- og sparebankane om å avgrense utlåna til konsumformål. Utlånsramma for desse bankane er sett til 5 550 mill. kroner i 1979. I første halvår 1979 auka utlåna frå forretnings- og sparebankane langt sterkare enn føresetnaden var i det kredittpolitiske opplegget. Utlånsveksten var særleg sterk frå sparebankane. Styresmaktene har derfor pålagt forretnings- og sparebankane i Sør-Noreg primærreserverkrav på respektive 3 og 9 prosent. Desse krava vil binde likvider slik at bankane får mindre midlar til utlån. For å dempe verknaden på driftsresultata i bankane av auken i primærreserverkravet vart rentene på dei ulike typene av statsbankvekslar auka med 1 prosentteining frå 13. august 1979.

I den seinare tida har kommunane og fylkeskommunane hatt sterk økonomisk vekst. Kommunesektoren disponerer no om lag 15 prosent av nasjonalproduktet i skattar og avgifter. Dette er ei dobling samanlikna med åra like etter krigen.

Veksten i den kommunale økonomien har vore noko snøggare enn det regjeringa har lagt opp til. Kommunane har såleis hatt årlege og til dels store underskott i driftsinntektene i høve til dei totale utgiftene. Skilnaden er dekt ved lån og bruk av fond til investeringar. Samla var skilnaden mellom totale utgifter og driftsinntekter i åra 1972–1977 på 5 107 mill. kroner.

Tilstrammingstiltaka som vart sette i verk i 1978, har ført til mindre inntektsvekst i kommunane. Rekneskapane for 1978 viser ein inntektsvekst i høve til 1977 på knapt 12 prosent. Frå 1978 til 1979 blir inntektsveksten truleg ikkje større enn det som tilsvarende den generelle kostnadsutviklinga.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1978 tilsegn om lån og garantiar for 907 mill. kroner, tilsegn om investeringstilskott på 347 mill. kroner og tilsegn om tilskott til flytting og opplæring med 34,4 mill. kroner. I alt vart det i 1978 gjeve tilsegn om lån, garantiar

og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond med 1 295 mill. kroner mot 1 266 mill. kroner i 1977. Pr. 1. august 1979 er det gjeve tilsegn om rundt 339 mill. kroner i lån og om lag 176 mill. kroner i investeringstilskott.

I 1978 vart det av løyvinga til kommunale utbyggingstiltak gjeve tilsegn på i alt 128 mill. kroner. Av dette gjekk 102,5 mill. kroner til spesielle grunnlagsinvesteringar, 23,3 mill. kroner til vassverk og 2,3 mill. kroner til kaiar.

I første halvår 1979 er det på dei same postane gjeve tilsegn med om lag 81 mill. kroner, om lag 25,5 mill. kroner og om lag 4,6 mill. kroner.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) hadde fram til august 1979 bygd ut 171 000 m² industrilokale. Dei verksemdene som har flytta inn i bygg SIVA har reist, og eig, har i dag rundt 2 750 sysselsette (medrekna dei som arbeider på anlegga til Akergruppen i Verdal).

Dei førebels måla for oppbygging av eit vern mot oljeureiningar er på det nærmaste gjennomførte. Det vil framleis vere ei viktig oppgåve å føre dette arbeidet vidare.

Arbeidet med å redusere ureiningstilførselene i ei rekkje vassdrag med alvorlege ureiningsproblem er ført vidare. Mjøsa er gjeven høgaste prioritet, og utslepp som inneheld fosfat, blir reduserte i samsvar med det handlingsprogrammet som er lagt opp. Luftureiningane frå industrien i Noreg har dei siste åra vorte monaleg reduserte. For fleire typar ureining er mengda av utslepp redusert til under det halve.

Oppryddingsprogrammet for tiltak mot ureiningar frå eldre industri, som det er planlagt å gjennomføre i perioden 1974–83, er komme vel halvveges. Av eit samla investeringsprogram på 5 milliardar 1977-kroner er det no investert nær 3 milliardar kroner.

Det er vedteke eit nytt lovverk om ureiningar frå skip. Reglane vil vere eit grunnlag for nye tiltak for å motverke skipsureiningar.

Det blir arbeidd vidare med å styrkje og utvikle generalplanarbeidet i kommunane, mellom anna for å få til ei enklare og raskare behandling. Dette arbeidet har i det siste året utvikla seg godt. Om lag $\frac{2}{3}$ av kommunane i landet har ferdigbehandla eller komme med utkast til generalplan. I alt er 81 generalplanar godkjende; av desse vart halvparten godkjende siste året.

For den langsiktige regionale planlegginga i hovudstadsområdet vart det våren 1979 etablert eit samarbeid på det politiske plan mellom Oslo kommune, Akershus fylkeskommune og staten ved Miljøverndepartementet.

Nærmiljøutviklinga og arbeidet med å betre den har ein teke for seg i ei eiga stortingsmel-

ding. Denne meldinga vil utgjere eit tverrfagleg handlingsprogram for nærmiljøarbeidet dei nærmaste åra.

Den nye kulturminnelova med nærmare føresegner vart sett i kraft 15. februar. Det er oppnemnt eit Statens kulturminneråd, som skal arbeide for å fremje kulturminnevernet. Elles er kulturminnevernet vorte styrkt både økonomisk og administrativt også i 1979. Ei utgreiing om organiseringa av kulturminnevernet blir førebudd.

Arbeidet med utvida skjergardspark på Sørlandet er ført vidare.

Grunnbeløpet i folketrygda vart auka frå kr. 14 700 til kr. 15 200 med verknad frå 1. januar 1979. Særtillegget til ytingar frå folketrygda er frå 1. januar 1979 auka frå 36 til 40 prosent for ugift pensjonist og pensjonist med ektemake som ikkje har pensjon frå folketrygda. For pensjonist med ektemake som har pensjon, vart satsen auka frå 35 til 39 prosent.

Pensjonane etter lov om yrkesskadetrygd vart auka med 6 prosent frå 1. januar 1979.

Frå 1. juli 1979 er det gjennomført ei kollektiv tilleggstrygding for sjukepengar til jordbrukarar. Dei vil ha rett til sjukepengar som svarer til 100 prosent av inntektsgrunnlaget frå og med den 15. sjukedagen. Ordninga er kommen i stand i samband med jordbruksoppgjæret, og utgiftene til trygdeordninga blir dekte av løyvinga til jordbruket.

Det er skipa eit forhandlings- og kontaktutval for organisasjonane til pensjonistane og dei funksjonshemma og regjeringa.

Frå 1. juli er alle engasjerte og korttidstilsette i staten medlemmer av Statens pensjonskasse.

Pensjonane frå pensjonstrygda for fiskarar er auka med 25 prosent frå 1. januar 1979.

Over statsbudsjettet for 1979 er det løyvt særskilte rammetilskott til eldreomsorg, sosial stønad og til styrking av den sosiale administrasjonen og sosiale tiltak i kommunane på til saman 260 mill. kroner.

Tilskottet til reduksjon av buutgiftene for eldre og uføre er auka frå 30 mill. kroner i 1978 til 80 mill. kroner i 1979. Retningslinene for tildeling er gjorde enklare.

Dei aller fleste kommunane oppfylte i 1978 den minstenorma for arbeidshjelp ved sosialkontora som Sosialdepartementet har fastsett. Sidan tilskottet til sosial administrasjon og sosiale tiltak vart innført, er det oppretta 7–800 nye stillingar ved sosialkontora.

1. januar tok nye lovreglar til å gjelde som i stor monn gjev høve for kommunane til å delegera til den sosiale fagadministrasjonen den avgjerdsmakta som sosialstyret, barnevernsnemnda og edruskapsnemnda før har hatt i

klientsaker. Det er den einskilde kommunen som sjølv avgjer i kva grad ein skal gjere bruk av dette.

Ved utgangen av 1977 var det 8 691 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse var 4 756 under omsorg, 2 882 var plasserte i fosterheimar og resten i institusjonar. Det er vedteke at ein skal overføre ansvaret for barnevernsinstitusjonar og fosterheimar til fylkeskommunane frå 1. januar 1980. Føremålet er å få ei geografisk fordeling av barnevernsinstitusjonane og eit betre økonomisk grunnlag for dei.

Regjeringa har vedteke at Noreg skal ta imot opp til 3 000 flyktningar frå Søraust-Asia i tida fram til hausten 1980. Det er i dag om lag 1 000 flyktningar frå dette området i Noreg.

Personellsituasjonen innan den offentlege legetenesta kan ikkje seiast å vere fullt ut tilfredsstillande. Ein går likevel ut frå at over ei tid vil dei ulike tiltaka som er sette i verk, hjelpe på vanskan. Av tiltak kan ein nemne: Distriktslegar på fast lønn, siviltenestepfiktige legar har lov til å utføre teneste som legar i distrikt og institusjonar som er vanskeleg stilte, ei prøveordning ved helse- og sosialsentra.

Regjeringsplanen for auka innsats mot narkotikaproblem (St.prp. nr. 138, 1978–79) vart behandla av Stortinget den 7. juni i år. Det blir arbeidd med å setje i verk tiltaka i planen.

Det er vedteke å lengje behandlingsreisene for revmatikarar og psoriasispatientar til Jugoslavia for ein femårsperiode.

Informasjonsarbeidet om svangerskapsforebyggjande tiltak for vanskelegstilte gravide held fram.

Utbygginga av sjukehusstellet held fram. Det blir arbeidd med planar for eit nytt region-sjukehus i Tromsø, og for utvidingar ved regionsjukehuset i Trondheim. I Trondheim er ein del byggjearbeid alt gjorde.

Utbygginga av sjukeheimar er framleis prioritert, og arbeida går etter planen.

Arbeidet med å godkjenne helseplanane i fylka går sin gang. 17 planar er no godkjende. Det blir arbeidd med planar for å innpasse Rikshospitalet i helseregion 1 og 2.

Stortingsmelding nr. 15 (1977–78) om Helsemessig opplysningsvirksomhet er vorten følgd opp med å nemne opp eit sentralt samarbeidsorgan for helseopplysning.

Tilbodet om fri tannrøkt til barn og ungdom er gjennomført i heile landet. Tannhelsetiltak for småbarn, funksjonshemma og grupper av eldre er sette i verk i fleire fylke.

Ein kan framleis registrere betring i tannhelsa hos barn og ungdom.

Lov om likestilling mellom kjønna av 9. juni 1978 tok til å gjelde 15. mars 1979. Likestillingsombudet er utnemnt, og Klagenemnda for li-

Trykt 9/10 1979

kestilling er oppnemnt. Likestillingsrådet har fått nytt mandat av Stortinget og er oppnemnt på nytt. Det er skipa eit felles sekretariat for Likestillingsombudet og Likestillingsrådet.

Likestillingsombudet har til no fått inn rundt 600 saker.

Utbygginga av ulike typar barnehagar som er tilpassa lokale tilhøve og behov, går jamt og sikkert. I alt har vi no 65 500 godkjende barnehageplassar i landet. Det svarer til ei dekning på 15 prosent. I tillegg er det 2 700 barn som går i barneparkar og andre leiketiltak for små barn.

Vi har no i alt rundt 1 800 plassar i fritidsheimar for dei yngste skolebarna. Behovet er stort, og departementet registrerer at utbygginga litt etter litt skyt større fart. Forsøksperioden for utbygging av fritidsheimar i skolane er avslutta, og ein har gått i gang med forsøk med andre former for fritidsheimar. Forsøksperioden vil vare ut 1982.

Familieaktivitetar for innvandrarar med statleg stønad har vore drivne i noko over tre år i 14 kommunar. Forsøka har vist at behovet for slike tiltak er stort. Utviklinga går no meir i retning av sjølvstyrte innvandrarsenter i kommunen. Det blir også arbeidd med morsmålstrening i barnehagane for barn som ikkje har norsk som morsmål. Dette er nødvendig for å motverke den dårlege språkutviklinga, både på norsk og morsmålet, som kan bli resultatet når ein blir omplanta til ein framand kultur.

Hjelpeordningane for heimane femner om heimehjelp for eldre og uføre og husmorvikar-teneste. Den statlege refusjonssatsen for hjelpeordningane for heimane vart auka til 50 prosent med verknad frå 1. januar 77. Det har vore ei sterk utbygging av desse tenestene i dei fleste kommunane. Dei statlege tilskotta til hjelpeordningane har auka med 75 prosent frå 1977. Ein reknar med at refusjonskravet vil bli på 310 mill. kroner i 1979. Det blir drive forsøk med nye tiltak innanfor hjelpeordningane i ei rad kommunar.

Forbrukarapparatet er etter den siste tilveksten i 1977 utbygd med eit Forbrukarkontor i kvart fylke. I 1978 var det mange fleire enn før som vende seg til Forbrukarrådet lokalt og sentralt. Talet på klager steig frå 63 000 i 1977 til 77 000 i 1978. Heile auken i 1978 fall på lokalkontora, som tok mot rundt 57 000 klager mot om lag 43 000 i 1977.

Hos Forbrukarombudsmannen vart det i 1978 registrert 2 188 nye saker mot 1 752 i 1977. 88 prosent av sakene vart realitetsbehandla, medan ein i dei andre 12 prosent av sakene kom til at det ikkje låg føre noko lovstridig. I dei fleste sakene som blir realitetsvurderte, når ein fram til frivillige endringar i marknadsføringa. Dei andre sakene kan først inn for Marknadsrådet, som i 1978 gjorde 8 vedtak. Eit forbod mot

1979. 2. okt. — Åpning av det 124. ordentlige Storting

kjønnsdiskriminerande reklame er innarbeidd i marknadsføringslova, og tok til å gjelde 15. mars 1979.

Forbrukartvistutvalet vart skipa i medhald av lov av 28. april 1978 nr. 18. Utvalet er ei avdeling av Marknadsrådet, og er samansett av ein formann og to medlemmer. Forbrukartvistutvalet tok til å arbeide 1. januar 1979.

Utgiftene til utdanning, kyrkje- og kulturformål på stats- og kommunebudsjetta er i 1979 om lag 20,5 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 095 prestestillingar forutan feltpreststillingane. Det er framleis auka tilgang på søkjarar til desse stillingane, og talet på ledige stillingar har gått ned. Talet på kateketstillinger er komme opp i 58.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1978–79 var om lag 835 000. Talet på norske elevar og studentar i utlandet er no om lag 4 300, grunnskoleelevar ikkje medrekna. I skoleåret 1978–79 er elevtalet i grunnskolen om lag 590 000. Den desentraliserte utbygginga av grunnskolen held fram.

I dei statlege skolar for spesialundervisning går elevtalet ned. Nedgangen er sterkast på barnsteget. Fleirtalet av elevane i desse skolane fekk i skoleåret 1978–79 undervisning på ungdomssteget og på vidaregåande steg.

Elevtalet i dei kommunale spesialskolane går òg ned. Talet på elevar som får spesialundervisning i eigne klassar i den vanlege skolen syner i staden ein monaleg auke.

Utbygging av spesialpedagogiske tiltak for barn før skolealder er kommen godt i gang i kommunane.

I 1979 er det i kommunale og fylkeskommunale vidaregåande skolar om lag 140 000 heilårselevar. Flesteparten av dei nye elevplassane er i yrkesfaglege studieretningar. I dei seinere åra har det vore ei sterk utbygging av spesialundervisning og sosialpedagogiske tiltak i dei fylkeskommunale vidaregåande skolane.

Det er sett i gang tiltak for å styrkje utdanning av personell til petroleumsverksemda. Særleg er det lagt vekt på opplæring i oljevern.

Det er i gang fleire tiltak for å veksle mellom opplæring i skole og verksemd. Talet på lærlingplassar er auka, slik at det no er om lag 10 500 lærlingar i arbeidslivet.

Ved utgangen av juni månad var det om lag 380 000 m² skolebygg i arbeid. Til nybygg for yrkesliner i den vidaregåande skolen er det gjeve omframstatstilskott.

Ved dei regionale høgskolane er det i haust om lag 25 000 studentar, av desse 12 300 ved pedagogiske høgskolar, 5 100 ved ingeniørhøgskolar og 5 700 ved distriktshøgskolar.

Det er i haust sett i gang ein ny distriktshøg-

skole på Rena i Hedmark, slik at det no er distriktshøgskolar på i alt 12 stader. Maritim høgskoleutdanning er sett i gang i Tønsberg og Trondheim. I Oslo er det komme i gang utdanning av industridesignarar, som ei forsøksordning. Det er sett i gang desentralisert lærarutdanning i Nord-Noreg for søkjarar med bustad i dei kommunane som mest treng fleire utdanna lærarar.

Ved universiteta og dei vitskaplege høgskolane er det i haust eit studenttal på om lag 40 600.

Dei betra tilskottsordningane for studiearbeid som vart innført i samband med lov om vaksenopplæring, førte til sterk auke i verksemda på dette feltet. Det har ikkje vore økonomisk grunnlag for monaleg utvida verksemd i 1979. Derfor har det vore lagt større vekt på prioriteringsspørsmål og på arbeidet med å sikre at midlane blir brukte effektivt og at dei når fram til dei gruppene som mest treng opplæring og offentleg støtte. 37 opplysningsorganisasjonar har no allmenn rett til statstilskott.

Innanfor den vaksenopplæringa som skoleverket har ansvar for, har ein lagt vilkåra betre til rette for undervisning av grupper som står svakt. I 1978 var det om lag 53 000 deltakarar i førstegongsutdanninga for vaksne i grunnskolen og den vidaregåande skolen med i alt om lag 380 000 undervisningstimar.

Arbeidet med å tilpasse undervisningsplanane for arbeidsmarknadskursa er ført vidare. Ein har særleg lagt vekt på å dekkje behova for omskolering og opplæring som strukturendringane i industrien har ført med seg.

Gjennom tilskottsordninga for bedriftsopplæring er det gjeve tilskott til ulike opplærings tiltak for tilsette i om lag 100 bedrifter.

For brevundervisninga skal dei reglane ein no har for tilskott, vare ut 1979. Det er no i gang 88 folkehøgskolar med eit samla elevtal på om lag 7 600.

I undervisningsåret 1979–80 er norma for studiestønad til skoleungdom og studentar kr. 2 150 pr. månad, grunnstipendet er da medrekna. Dette er same summen som i studieåret 1978–79. Bortebuarstipendet er auka med om lag 5 prosent til kr. 4 050 for 1979–80. Likeins er satsane for dei behovsprøvde stipenda sette noko opp.

Frå og med 1977 vart det innført ei ordning med garantiinntekt for kunstnarar. I 1978 hadde 311 kunstnarar slik inntekt. Det vart gjeve stipend til 522 kunstnarar over statsbudsjettet for 1978. Av desse var det m.a. 20 livsvarige kunstnarløner, 110 treårige arbeidsstipend, kvart på kr. 41 500, og 191 stipend til eldre fortente kunstnarar.

Staten og kunstnarorganisasjonane har i 1978 forhandla seg fram til fleire avtaler om vederlag for statens bruk av kunstverk.

Frå hausten 1979 kom eit nytt regionteater i ordinær drift i Nordland. Ei produksjonsgruppe for kortfilm vart etablert i Honningsvåg, og eit produksjonsselskap for spelefilm i Oslo.

Dei offentleg stødde teatra gav i 1978 om lag 5 100 framsyningar med eit samla publikumsbesøk på om lag 1,3 millionar. Kinoane hadde i 1978 eit besøk på om lag 16,8 millionar og musea eit besøk på om lag 3,8 millionar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebibliotek var i 1978 på om lag 22,5 mill. band.

Den delen av tippemidlane som fall på idretten, var i 1978 165 mill. kroner, ein auke på 30 mill. kroner frå året før. I 1978 vart det m.a. gjeve tilskott til 42 idrettshallar, 41 symjehallar, 95 lysløyper og 36 samfunnshus. I alt har 751 anlegg fått stønad frå tippemidlane i 1978.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet! Det 124. ordentlige Storting går til sitt arbeid etter at Deres Majestet nå har erklært Stortingets samling åpnet.

Den trontale som er foredratt av Deres Majestet i dag, viser den store bredde og det mangfold av saker som Stortinget vil få seg forlagt i den nye sesjon.

Det er naturlig at de økonomiske spørsmål vil dominere sterkt i saksmengden. Selv om norsk økonomi nå er kommet inn i et sunnere spor, vil kravene om måtehold og ansvar fortsatt stå sentralt i den økonomiske politikk. Det gjelder både det offentlige og det private for-

bruk, og Stortinget vil som bevilgende myndighet i stor grad måtte ta sin del av ansvaret.

En rekke saker av stor betydning for Norges framtidige utvikling når det gjelder miljøspørsmål, energipolitikk og sosialpolitikk, er også bebudet lagt fram til behandling.

Den internasjonale situasjon med de mange uløste konflikter og den stadig voksende og mer tragiske flyktningsituasjon har bud til oss alle om å yte hjelp og å ta vår del av ansvaret for å bedre forholdene. Også Stortinget vil her aktivt støtte alle bestrebelsler som blir gjort fra Norges side når det gjelder å hjelpe og å delta i konfliktløsning eller konfliktdeмпing.

Den ansvarsfulle gjerning som stortingsrepresentantene er satt til å utføre, er hver enkelt representant seg bevisst. Vi går til vårt arbeid i håp om at det vil være til nytte for vårt land og et bidrag til fred og bedre kår for folkene i de deler av verden der krig og nød i dag hersker.

Vi begynner vårt arbeid i det 124. ordentlige Storting med det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Det anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.